

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: måndag 19. september 2022
Tid: kl. 16.00 (NB)
Sted: Sveio kommunehus, kommunestyresalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som SMS til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt frå sekretariatet. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet vil bli lagt ut på kommunen si nettside, eige politikarportal og på www.kontrollutvalgene.no.

Konsernsjef Pablo Barrera og økon.dir. Tørres Øyjordsbakken stiller i sak 22.

Saksliste:

- 21/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 20.06.22**
- 22/22 Orientering om kommunale selskap – Haugaland Kraft AS**
- 23/22 Revisor sin eigenerklæring for 2022**
- 24/22 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for 2022**
- 25/22 Kontrollarbeidet i kommunen - budsjettframlegg for 2023**
- 26/22 Referat- og orienteringssaker 19.09.22**

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 12.09.22

Arne Valen
leiar (sign.)

Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering) og presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.09.22	21/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 20.06.22

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 20.06.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 20.06.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 20.06.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt medlemma og kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 12.09.22

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL**PROTOKOLL**

Måndag **20. juni 2022** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Arne Valen.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresal
MØTESTART/-SLUTT:	kl.17.00 – kl. 19.10
MØTANDE MEDLEMMER:	Leiar Arne Valen (Sp), Gustav Eidsvåg (Frp), Solfrid Aasen (Sp) og Marit Elise Lier (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Andreas Bårtvedt (H)
FORFALL:	Per S. Wathne (Krf)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:	Oppdragsleiar/revisor Hilde Johanne Trædal Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg via Teams i sak 19
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jostein Førre Kommunalsjef Elisabeth Nygaard i sak 17
ANDRE SOM MØTTE:	Dir. Arvid Grimstvedt, Aktio AS i sak 16 Eldrerådsleiar Gustav Eilerås i sak 18 som tilhøyrar
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Sak 19 blei handsama før sak 16. Sak 18 blei flytta fram før sak 17. Protokollen følger sakslista. Leiar hadde i forkant meldt sak under Ymse.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 15/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 09.05.22****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 09.05.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 20.06.22:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 20.06.22:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 09.05.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 16/22 ORIENTERING FRÅ SELSKAPER - AKTIO AS**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek dagleg leiar Arvid Grimstvedt si utgreiing om selskapet Aktio AS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 20.06.22:

Direktør/dagleg leiar Arvid Grimstvedt orienterte og viste presentasjon. Selskapet tilbyr arbeidstrening til personer som har falt utanfor det ordinære arbeidsmarked.

Han forklarte at selskapet nyleg hadde gjennomgått ein stor reorganisering med oppsplitting til fem selskap og førte no etter konsernrekneskap. Datterselskapa er: Aktio Kompetanse AS, Aktio Eiendom AS, Haugaland Idrettsbarnehage AS og MC-butikken AS. Nytt namn var naturleg, då «Haugaland Industri» ikkje lenger var dekkande for dagens arbeidstreningstilbod. Omorganiseringa blei gjort etter krav frå NAV og for å unngå konkurransevridande verksemd. Selskapet si hovudoppgåve er å få folk ut i fast arbeid, ikkje tilby varige tilrettelagte arbeidsplasser. I 2015 blei dei kåra som tredje beste attføringsbedrift i Noreg. Omorganiseringa hadde vore ein krevjande prosess.

Han meinte at det det no var stadig meir vanskeleg å få utføre, og spesielt dei unge utføre ut i arbeid. Prosent som har gått ut i arbeid dei siste åra visar likevel 60-64 % for Ung Jobb (samarbeid m/FKH og kommune) og 38-41 % for AFT (arbeidsførebuande trening). Konsernresultatet var positivt i 2021. Rekneskapa så langt i 2022 visar at alle selskapa går godt, men at det er små marginar.

Grimstvedt svarte på spørsmål, mellom anna samarbeid med Nav Vestland og Sveio kommune og verknader av pandemien. Ingen personar frå Sveio er eller har vore inkludert i arbeidstilbodet. Representantar frå Nav Sveio har ikkje delteke i samarbeidsmøte dei siste åra. At Sveio høyrer til Vestland fylke skulle ikkje vera til hinder for innsøking av kandidatar då Etne kommune, som og har tilhøyrsløse i Vestland, har ei meir aktiv rolle med å søke inn personar som treng arbeidstrening. Utvalet uttrykte ønskje om at selskapet tek initiativ for tettare samarbeid, då arbeidsmarknaden er like naturleg sørover som nordover, særleg ut frå at Sveio kommune har aksjar i selskapet. Han lova å følgje dette opp.

Leiar framheva det viktige arbeidet dei hadde med å få folk ut i jobb og då særleg dei unge. Han takka for presentasjonen og ønskte han og selskapa lukke til vidare.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 20.06.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek dagleg leiar Arvid Grimstvedt si utgreiing om konsernselskapet Aktio AS til orientering.

SAK 17/22 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – «TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING»

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 20.06.22:

Utvalsleiar innleia. Han meinte det var ein grei tilbakemelding frå rådmannen, men ønskte meir utdyping om punkt 5 om PP-tenesta. Rådmannen innrømma at det tidlegare hadde vore utfordrande med dei stadig skifta av psykologar og vakansane. Det hadde vore likt for alle samarbeidskommunane. Han opplyste at samarbeidsavtalen hadde vore gjennomgått to gonger, men at dei hadde funne den dekkande.

Kommunalsjef Nygaard utfylte med status per i dag med kontaktpersonar, jamlege møte og ny organisering, så ho var særst nøgd med stoda. Tilrettelegging for dei elevane som treng det, vert heile tida følgt opp med fagleg hjelp.

Utvalet var glad for at samarbeidet er bra og at avtalen er dekkande. Utvalet støtta Aasen sitt framlegg at tilbakemeldinga burde bli gjort kjent for hovudutval oppvekst/kultur. Rådmannen meinte utvalsleiar kunne gjere framlegg om det under kommunestyrehandsaminga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.06.22 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om arbeidet med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Tilpassa opplæring og spesialundervisning» til orientering.

SAK 18/22 OM RUTINAR KNYTTE TIL TILDELING AV HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmannen si tilbakemelding om rutinar knytte til tildeling av helse- og omsorgstenester til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 20.06.22:

Utvalsleiar innleia om bakgrunn for saka. Utvalet meinte det var gjeve ei god tilbakemelding.

Rådmannen forklarte kva som låg i prinsippet bak «omsorgstrappa», der førebygging er lågast og ein sjukeheims plass er høgast. Tildelingsutvalet må vurdere tildelte ressursar rettferdig etter tilgjengeleg ressursar, uavhengig av press frå pårørande og «til rett tid og til rett nivå».

Det er skjønnt som vert utøvd, men det er klagerett, og den er etter lova lagt til statsforvaltar. Deira vurdering vil vere meir uhilda og vurderer opp mot andre kommunar.

Sveio har budsjettert med 33 sjukeheims plasser, men har per i dag eit belegg på 40, så det er trongen som styrar inntaket. Ved vurdering av tildeling vil alltid god dokumentasjon vere viktig.

Utvalet var samd i at eit ekstra klageutval i kommunen ville berre forsinka ei klagehandsaming, og ville ikkje tilrå ei slikt tillegg. Utvalet støtta sekretariatet si innstilling.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 20.06.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmannen si tilbakemelding om rutinar knytte til tildeling av helse- og omsorgstenester til orientering.

SAK 19/22 PROSJEKTMANDAT – FORVALTNINGSREVISJON – «MATRIKKELFØRING OG GRENSEOPPMÅLINGAR»

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Matrikkelføring og grenseoppmåling» i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre frå Rogaland Revisjon.

Ramma vert sett til 250 timar. Prosjektet vert sett i gong for levering

Handsaming i kontrollutvalet 20.06.22:

Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg deltok via Teams. Utvalsleiar gjekk gjennom revisjonen sitt framlegg til problemstillingar. Revisor opplyste at framlegget var basert på rådføring med kartverket. Dei ville gå inn i en del saker, men ikkje lenger enn to år tilbake.

Utvalsleiar ønskte ikkje forskyve tidligare valt prosjekt om planarbeid. Han var kome til at tilbakemeldinga frå rådmannen i sist møte var god. Det var gjort feil og dei var retta. Han hadde tillit til at kommunen no har ressursar og praksis og utførte arbeidet i tråd med regelverk. Det hadde vore enkeltsaker i rettssystemet, der resultata var både i favør og ufavør for kommunen og klagar. Han meinte det ville vere feil å bruke så mykje ressursar, når det var lite truleg å få noko forbetring ut av det.

Han gjorde framlegg om ikkje å tinge eit nytt prosjekt innan dette temaet.

Aasen var ikkje samd i hans framlegg og ville støtte innstillinga. Ho hadde fått mange henvendingar om temaet, og meinte dette var viktig å ta tak i. Dei andre medlemmane var samd med utvalsleiar sitt framlegg og grunngjevnad, og viste til at utvalet ikkje bør ta opp enkeltsaker. Dersom nokon har spørsmål om eigedommar, må desse vende seg til administrasjonen, ikkje til utvalet. Utvalet framheva at det var viktig at henvendingar blei svara ut.

Ved votering mellom innstillinga og utvalsleiar sitt framlegg fekk framlegget 4 røystar og innstillinga 1 røyst (Aasen).

Utvalsleiar takka forvaltningsrevisor for si deltaking.

Vedtak i kontrollutvalet 20.06.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval går ikkje inn for å tinge forvaltningsrevisjonsprosjekt om matrikkelføring og grenseoppmåling i tråd med Rogaland Revisjon sitt utkast til prosjektmandat.

Bakgrunn for det er at utvalet er nøgd med rådmannen si tilbakemelding i sist møte 09.05.21, sak 10/22, og at prosjektet synes ikkje å ville bidra til meir læring.

SAK 20/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 20.06.22

33. Statusrapport pr. juni 2022
34. Perioderapportering frå Rogaland Revisjon pr 30.04.22
35. Hamnerådsmøte 02.06.22 – Karmsund Havn IKS
36. Henvending til utvalet frå Ole Kalkvik 21.05.22 om sak i utvalet HTN om mur
37. Førebels svar til Ole Kalkvik 25.05.22
38. Oppsummering frå FKT- konferansen 8.-9.06.22 på Kløfta
39. FKT – «Veileder – Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» - juni 2022

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 33 – 39 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval visar til henvendinga frå Ole Kalkvik og utvalet vurderer det som ei sak utvalet vel ikkje å følgje opp.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 20.06.22:

Sekretær gjekk gjennom statusrapport og perioderapport. Ho hadde sjølv møtt som observatør på hamnerådsmøtet. Til sak 36-37 viste utvalet til at saka er under politisk handsaming og er difor ikkje ei sak for utvalet. Utvalet støtta innstillinga.

Utvalsleiar orienterte frå fagkonferansen til Forum for Kontroll og Tilsyn, som han fant svært givande og lærerik. Han delte ut eit ark frå rettleiaren med «trafikklysmodellen» til hjelp ved henvendingar. Utvalet ønsket rettleiaren tilsendt. Sekretær opplyste at den ligg også på sekretariatet sine nettsider.

Vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 20.06.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 33 – 39 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval visar til henvendinga frå Ole Kalkvik og utvalet vurderer det som ei sak utvalet vel ikkje å følgje opp.

YMSE**Utvalet si rolle under pandemien**

Utvalsleiar viste til at kommunestyret hadde støtta hans oppmoding om at kommunen burde gje uttale til NOU 2022:5 «Myndigheitenes handtering av koronapandemien – del 2». Han viste til at regjeringa hadde endra den sentrale koronaforskriften 125 gonger på 11 månader og trakk fram døme på lokale forskrifter kor kommunar hadde nytta svært strenge tiltak. Han ville gjerne vite utvalet si rolle i ei slik tid.

Rådmannen viste til at ein pandemi vert handtert av kommuneoverlegen og kriseleiinga i kommunen. For kommunane på Haugalandet hadde samarbeidet fungert godt med like reglar. Det er her tale om korte fristar, slik at delegasjon til formannskap er det som synast å vere mest aktuelt. Rådmannen svara så på spørsmål om kompensasjon for koronamidlar.

Neste møte: måndag **19. september kl. 17.00**

Saker: Orientering om Haugaland Kraft AS, revisor si eigenerklæring for 2022, budsjett for kommunens kontrollarbeid 2023

Sveio/Aksdal, 20. juni 2022

Arne Valen
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.09.22	22/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

ORIENTERING OM KOMMUNALE SELSKAP – HAUGALAND KRAFT AS

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek konsernsjef Barrera og økonomidirektør Øyjordbakken si utgreiing om selskapet Haugaland Kraft AS til orientering.

Bakgrunn:

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok i møtet 27.09.21, sak 20/21 ein plan for orientering om kommunen eller kommunale selskap i løpet av 2022. Vedtaket var følgjande:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

- 1. møte 2022* ————— *Haugaland Brann og redning IKS*
- 2. møte 2022* ————— *IKT avdelinga og personvernombodet*
- 3. møte 2022* ————— *Haugaland Industri AS (no Aktio AS)*
- 4. møte 2022* ————— ***Haugaland Kraft AS***
- 5. møte 2022* ————— *Rådmannen om status for eksterne prosjekt*
- 1. møte 2023* ————— *Karmsund Havn IKS*

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiarer er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere utvalet betre kjend med drifta av kommunen eller kommunale selskap og dei utfordringar administrasjonen eller dagleg leiar står overfor.

Planen blei oversendt rådmannen og leiarar av selskapa 30.09.21. Det framgjekk i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er opp til rådmannen eller dagleg leiar å bestemme kven han/ho tar med seg til møta eller om dei møter som representant for rådmannen eller leiar.

Konsernsjef Olav Linga noterte seg datoen i fjor, og gjorde i juni sekretær merksam på at han ville være gått av med pensjon til hausten. Han lova at ny konsernsjef eller ein annan frå leiinga ville stille på møtet i september.

Ved ny kontakt etter tiltredelse i september med konsernsjef Pablo Barrera hadde han fått oppgitt fra Linga at møtetidspunkt var kl. 14.-16.00, og at han skulle fly til Oslo samme dag/kveld. Møtet er med dette forskjøvet fram til kl. 16.00. Til møtet tar han med seg økonomidirektør Tørres Øyjordbakken.

På nettsida til selskapet står det mellom anna følgjande:

Konsernet Haugaland Kraft har hovedkontor i Haugesund med avdelinger på Fitjar, Sand, Sauda, Stord, Ølen/Skånevik og Fjelberg. Hovedvirksomhetene våre er produksjon, overføring og omsetning av elektrisk kraft, samt utbygging/drift av fibernettverk.

Konsernet eies av kommunene Karmøy, Haugesund, Tysvær, Vindafjord, Sveio, Utsira, Suldal, Sauda, Ullensvang, Etne, Fitjar og Bømlo samt selskapene Finnås Kraftlag SA, SØK AS, Fitjar Kraftlag SA.

Konsernet har om lag 470 ansatte.

Haugaland Kraft ble etablert i 1998 ved at Haugesund Energi og Karmsund Kraftlag fusjonerte. Etter en omstrukturering av virksomheten i 2015 ble selskapet organisert som et konsern fra 1. januar 2016.

Konsernet Haugaland Kraft består av et morselskap og 3 heleide datterselskaper; Fagne AS, Haugaland Kraft Fiber AS, Haugaland Kraft Energi AS. I tillegg er vi majoritetseier i Sunnhordland Kraftlag AS og Afiber AS.

Frå www.purehelp.no ligg følgjande opplysningar om selskapet Haugaland Kraft AS:

Org. nr	915 636 756
Firmanavn:	Haugaland Kraft AS
Selskapsform:	AS med aksjekapital NOK 260 599 581
Stiftet:	01.06.15
Formål:	Eierskap i selskaper som driver produksjon av fornybar energi, sikker og kostnadseffektiv overføring og omsetning av energi, og som tilbyr sikker og kostnadseffektive bredbåndstjenester, samt hva hermed står i forbindelse, herunder å delta i andre foretak som driver tilsvarende virksomhet. Selskapet skal også ivareta av konsern- og hovedkontorfunksjoner.

Eierposter:

Firmanavn	Omsetning	Driftsresultat	Andel aksjer:
Fagne AS	837.948	227.305	100 %
Haugaland Kraft Fiber AS	433.049	77.527	100 %
Haugaland Kraft Energi AS	341.474	48.367	100 %
Sunnhordland Kraftlag AS	2.169.387	1.691.285	59.68 %
Likemuligheter AS	2.888	108	3.75 %
Afiber AS	13.812	-15.117	80 %
Sustainable Energy AS	35.540	97	15.15 %
No-uk Com Holding AS	0	-343	26.27 %
Haugaland Fiberinvest AS	0	0	100 %
Havnekraft AS	0	-60	50 %

SVEIO KOMMUNE**Saksframlegg**

Atheno AS	13.542	392	6.20 %
Såkorninvest II AS	3	-1.191	2.14 %
Marin Energi Testsenter AS	13.707	474	9.94 %
Haugaland Kraft AS	131.146	-10.322	3.27 %
Deep Wind Offshore AS	75	-71	18.75 %
Sensortech Holding AS	0	-455	50 %
Endra Solenergi AS			100 %

Ansatte : over 500

Konsernsjef: Pablo Barrera fra 06.09.22

Styreleder: Petter Steen

Nestleder: Inghild Dorteia Storesund

Styremedlemmer: Knut Barland, Agnes Stavland, Geir Malvin Bårdsen, Maria Oftedal, Martin Laurhammer og Vidar Sagen-Roland

Eiere/aksjonærer:

Karmøy Kommune	34.72 %
Haugesund Kommune	24.75 %
Finnås Kraftlag Sa	9.53 %
Tysvær Kommune	7.58 %
Vindafjord Kommune	5.30 %
Sveio Kommune	3.91 %
Skånevik Ølen Kraftlag AS	3.81 %
Fitjar Kraftlag Sa	3.59 %
Haugaland Kraft AS	3.27 %
Suldal Kommune	2.78 %
Andre	0.76 %

Siste innlevert regnskap i **2021** viser en omsetning på **NOK 3 735 434 000**, et driftsresultat på **NOK 2 015 260 000** og hvor egenkapital var **positiv** med **NOK 9 537 436 000**.

Sekretariatet har som standard å gjere framlegg (kun rettleiande) at det vert orientert om følgjande tema:

Tenesteområdet og tenestetilbod

- Korleis tenesteområdet/selskapet er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområdet

Talet tilsette v/tenesteområde/selskapet

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordingar
- Planar

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg. Til møtet er det fleire andre saker, så det kan vere viktig å halde ei tidsramme.

Det er også greit, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 12.09.22

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.09.22	23/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar den framlagde eigenerklæringa, dagsett 29.06.22, frå oppdragsansvarleg revisor Therese Skåland Bjørkeland og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Vedlegg: Revisor si eigenerklæring, dagsett 29.06.22 – Therese S. Bjørkeland- rekneskap
Forvaltningsrevisor si eigenerklæring, dagsett 29.06.22 – Silje Nygård

Saksorientering

Kommunelova § 24-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon kap. 3 (§§ 16-21) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal vere uavhengig og ha god vandel. Forskrifta slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jfr § 3 – «påse.... at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kap. 2 og 3».

I følge § 24-4 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 16-21 noko om dei krav som vert stilt for at revisor skal vere uavhengig, og dei avgrensningar som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:

I følge forskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor **årleg**, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei **skriftleg vurdering** for kontrollutvalet.

Revisor gjer i vedlegget greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i forskrifta. Det går fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at valde revisorar frå Rogaland Revisjon IKS ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Sveio kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontroll- og kvalitetsutvalet, men bli tatt til orientering.

Aksdal, 12.09.22

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i Sveio kommune

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS UAVHENGIGHET OVERFOR SVEIO KOMMUNE

Innledning

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav til revisors uavhengighet ogandel følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19. Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Rogaland Revisjon IKS har et kvalitetskontrollsystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1). Kvalitetskontrollsystemet omfatter dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering. Som en del av kvalitetskontrollsystemet har vi rutiner for å følge opp og sikre at revisjonsteamet har tilstrekkelig uavhengighet.

Ifølge kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Denne egenvurderingen følger nedenfor.

OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS VURDERING AV UAVHENGIGHET

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Overordnet krav til uavhengighet (§ 16)	Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.
Tilknytning til den reviderte virksomheten (§ 17)	Undertegnede har ikke selv eller nærstående som har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.
Stillinger i kommunen (§ 18 a)	Undertegnede har ikke stillinger eller verv i kommunen.
Stillinger i virksomhet (§ 18 b)	Undertegnende har ikke andre stillinger i en virksomhet som kommunen deltar i eller er eier av, utover at Rogaland Revisjon IKS utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
Medlem av styrende organer (§ 18 c)	Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av, utover at Rogaland Revisjon IKS utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Deltakelse eller funksjoner i annen virksomhet (§ 18 d)	Undertegnede deltar ikke i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som kan medføre at revisors interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisor.
Rådgivning eller andre tjenester (§ 18 e)	Før slike tjenester gjør undertegnede en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 18 e, utfører vi ikke tjenesten. Revisor vurderer hvert enkelt tilfelle særskilt. Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Undertegnede er bevisst på at også slik veiledning må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger. Undertegnede har ikke ytet rådgivnings- eller andre tjenester overfor Sveio kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.
Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver (§ 18 f)	Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor Sveio kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.
Fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)	Undertegnede opptretr ikke som fullmektig for Sveio kommune.

Stavanger, 29.06.2022
Rogaland Revisjon IKS



Therese Skåland Bjørkeland
Oppdragsansvarlig /
Statsautorisert revisor

Til kontrollutvalget i Sveio kommune

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS UAVHENGIGHET OVERFOR SVEIO KOMMUNE

Innledning

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav til revisors uavhengighet ogandel følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19. Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Rogaland Revisjon IKS har et kvalitetskontrollsystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1). Kvalitetskontrollsystemet omfatter dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering. Som en del av kvalitetskontrollsystemet har vi rutiner for å følge opp og sikre at revisjonsteamet har tilstrekkelig uavhengighet.

Ifølge kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Denne egenvurderingen følger nedenfor.

OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS VURDERING AV UAVHENGIGHET

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Overordnet krav til uavhengighet (§ 16)	Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.
Tilknytning til den reviderte virksomheten (§ 17)	Undertegnede har ikke selv eller nærstående som har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.
Stillinger i kommunen (§ 18 a)	Undertegnede har ikke stillinger eller verv i kommunen.
Stillinger i virksomhet (§ 18 b)	Undertegnende har ikke andre stillinger i en virksomhet som kommunen deltar i eller er eier av, utover at Rogaland Revisjon IKS utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
Medlem av styrende organer (§ 18 c)	Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av, utover at Rogaland Revisjon IKS utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Deltakelse eller funksjoner i annen virksomhet (§ 18 d)	Undertegnede deltar ikke i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som kan medføre at revisors interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisor.
Rådgivning eller andre tjenester (§ 18 e)	Før slike tjenester gjør undertegnede en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 18 e, utfører vi ikke tjenesten. Revisor vurderer hvert enkelt tilfelle særskilt. Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Undertegnede er bevisst på at også slik veiledning må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger. Undertegnede har ikke ytet rådgivnings- eller andre tjenester overfor Sveio kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.
Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver (§ 18 f)	Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor Sveio kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.
Fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)	Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Sveio kommune.

Stavanger, 29.06.2022
Rogaland Revisjon IKS


Silje Nygård

Leder forvaltningsrevisjon

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.09.22	21/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR REVISJONSÅRET 2022

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og risiko- og vesentlighetsvurderingar som grunnlag for den forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2022 til orientering.

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 23-2 bokstav a skal kontrollutvalet påse at «**kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte**». Kontrollen elles blir gjennomført mellom anna ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge kommuneloven § 24-2 andre ledd og god kommunal revisjonsskikk (GKR) skal revisor planlegge sitt arbeid, og då med ha årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapen. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne godkjenne rekneskapet.

Strategi 2022

Rogaland Revisjon IKS har utarbeida ein slik plan/strategi for Sveio kommune. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor vil presentere planen/strategien i møtet. Vedlegget er eit internt arbeidsdokument og revisor ønsker at det ikkje vert offentleg.

Revisor vil i tillegg orientere om forenkla etterlevingskontroll (FEK). Etter kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet bl.a. «**påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....**».

Etter kommunelova § 24-9 skal revisor basere FEK på ein risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal leggjast fram for kontrollutvalet. Revisor skal seinast 30. juni gje ei skriftleg uttale om resultatet av kontrollen. Rogaland Revisjon har lagt seg på den praksis at dei legg fram attest samstundes med revisjonsmeldinga i april.

Revisor skal innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det ligg føre brot på lovar, forskrift eller vedtak, og om brotet må ha mykje å seie for økonomiforvaltningen.

Føremålet med FEK er å førebyggje svikt og medverke til å sikre at kommunen følgjer sentrale lovar og vedtak på økonomiområdet.

Revisor vil gje ein munnleg orientering til utvalet om hovudinnhaldet i arbeidet. Opplysningar som kjem fram i møtet kan bli vurdert som ikkje offentlege og møtet kan difor bli lukka, jfr. i medhald av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 11-5 tredje ledd bokstav b, men dette skal også vurderast opp mot omsyn til meir-offentlegheit, før eventuelt lukking.

Rekneskapen vert ikkje avslutta før etter at rekneskapen for 2021 er avlagt våren 2022. Hovudarbeidet i det enkelte rekneskapsåret starter difor ikkje før om hausten og på nyåret.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19 pålegg også oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, å gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit ogandel til kontrollutvalet. Eigenerklæringa for 2022 vert lagt fram for utvalet i same møte som orienteringa om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll.

Kontroll- og kvalitetsutvalet si handsaming av revisjonsplan og evt. informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2022, vil altså vere eit ledd i å sjå til at kommunen sitt rekneskap blir revidert på ein tryggande måte og at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Slik sekretariatet ser det, bør utvalet få høve til å komme med innspel til fokusområde i interimrevisjonen som skal gjennomførast, evt. seinare revisjonar, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet, vert det tilrådd at utvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Aksdal, 12.09.22

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	12.12.22	
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.09.22	25/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	151	

KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN - BUDSJETTFRAMLEGG 2023

Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:

*Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune for budsjettåret 2023 med ein totalramme på **kr 1 243 000,- eks mva** fordelt følgjande*

<i>Kontroll- og kvalitetsutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>96 000</i>
<i>Kjøp av sekretariatsteneste</i>	<i>kr</i>	<i>203 000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste</i>	<i>kr</i>	<i>944 000</i>

Vedlegg: Budsjettframlegg 2023

Saksorientering

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sine rekneskap blir revidert og at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontrollarbeidet. Dette inkluderer budsjett for kjøp av revisjonstenester, sekretariatstenester og utgifter til utvalet. Denne saka blir lagt fram som kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for kommunen sitt kontrollarbeid for 2023.

I følge kommunelova har kontrollutvalet eit vidt arbeidsfelt og er berre underordna kommunestyret. Kontrollutvalet sitt tilsyn er ikkje avgrensa til berre å gjelde det økonomiske. Kontrollutvalet skal også sjå etter at saksførebuing og vedtaksprosessar, både i administrasjonen og i dei andre politiske organa fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav, og varetar grunnleggande rettstryggleiksomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som måtte bli ramma av kommunale vedtak.

Kontrollutvalet sitt ansvar er i fyrste rekke eit påsjå-ansvar, og utvalet si rolle vil fyrst og fremst vere som bestillar. Ein viktig del av dette ansvaret vil vere å sjå til at bestillingane til revisor tilfredsstillar kommunen si trong til ein kvar tid. Dersom kontrollutvalet ønskjer å gjere ei tilleggssbestilling hos revisor utover vedteken ramme, må utvalet be kommunestyret om ei høgare ramme.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak etter forskrifta leggjast fram for kommunestyret samstundes som kommunen samla budsjett for 2023 vert vedteken. Dersom **kontrollutvalet si innstilling** er lagt inn frå administrasjonen i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, har blitt tolka slik er **det ikkje naudsynt** å leggje saka fram for kommunestyret **som eige sak eller vedlegg**.

I dei fleste kommunar er det praksis at utvalet si innstilling blir lagt inn i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, utan endringar, dvs. inga kutt/reduksjon.

